



Thorlaug og Olav stortrivs i båten Thola og Uskedalen! (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Eg har vore rundt halve verda og den finaste plassen eg kjenner til er Uskedalen. Det finst ikkje maken! Eg siktar ikkje berre til naturen, men også til det gode servicetilbodet. Her er butikk – og nå har vi fått att restauranten!

Den som kjem med denne kjærleikserklæringa om bygda til uskedalen.no er Olav Aarstad (76) frå Haugesund. Saman med kona Thorlaug (74) har han no hatt sommarferien sin i rundt rekna 20 år i Øyro Marina. Det var hamnevert Egil Høgemark og kona Tove som "lokka" dei dit fyrste gongen og det er dei takksame for. - Dei er kjekke folk som vi framleis har tett kontakt med, seier Olav og Thorlaug. Dei plar liggja i Uskedalen med båten sin i heile juli månad og må reknast i supeveteran-klassa blant feriegjestane våre. Det same kan båten deira, Thola, for han har 20 års tenestetid og har altså vore like trufast mot Uskedalen som eigarane. Og framleis har han ingen aldersdomssymptom!

Pensjonistparet verkar svært tilfredse både med livet generelt og livet i Uskedalen. Her møter dei også mange andre som har bygda som reisemål.

I 25 år var dei på ein heilt annan kant av verda – i San Francisco. Olav kom dit fordi ein stor del av familien hadde slege seg ned i området og han var styrmann på ein taubåt i hamna og på elvane i strøket frå han var 20 til han runda 45. Kona jobba i ein delikatessbutikk.

Så drog dei attende til Haugesund og siste delen av yrkeslivet hadde Olav ved eit systemselskap til Norsk Hydro sitt aluminiumsverk på Karmøy.

- Ein ypperleg arbeidsplass, men eg er glad for at eg slapp å jobba inne ved omnane, seier Olav.
- Men attende til Uskedalen, er det verkeleg ikkje noko som sagnast her?
- Nei, ikkje ein einaste ting, er svaret.

Av Ola Matti Mathisen